

Månad: Mars 2018

AKTIVITET

Medisinsk klinikk	Denne perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng dag/døgn, A	846	882	-36	898	-52	2 704	2 589	116	2 549	156
DRG-poeng poliklinikk, A	225	220	6	246	-20	670	664	6	677	-8
DRG-poeng H-resept, A	172	162	10	198	-27	709	486	224	545	165
DRG-poeng andre regionar, B	12	10	2	9	3	29	31	-2	28	2
SUM DRG-poeng produsert (A+B)	1 255	1 274	-19	1 351	-96	4 113	3 770	343	3 798	314
DRG-poeng behandla ved Feiring, C	13	6	7	4	9	44	18	26	11	32
SUM DRG-grunnlag ISF-inntekt (A+C)	1 257	1 270	-13	1 347	-90	4 127	3 757	371	3 782	345
Tal dagbehandling	728	676	52	677	51	2 239	2 003	236	1 930	309
Tal heildøgnsopphald	830	853	-23	839	-9	2 589	2 496	93	2 468	121
Tal polikliniske konsultasjonar	4 569	4 672	-103	5 697	-1 128	13 470	14 298	-828	15 627	-2 157

DRG-poeng

Noko færre inneliggjande pasientar enn budsjettert gir eit negativt avvik på 36 poeng i mars. Færre polikliniske konsultasjonar gjev ikkje noko utslag i DRG-poeng, då mykje av avviket er relatert til lysbehandling hos hudpoliklinikk.

DRG-poeng for H-resept syner eit positivt avvik på 10 poeng i mars og 224 poeng etter tre månader. Totalt er 165 H-resept medikament som i 2017 var finansiert over ramme, overført til ISF-finansiering i 2018. Noko avvik i periodisering gjev det positive avviket dei fyrste månadane. Vi ventar ikkje tilsvarende auke ut året.

Dagbehandling

Tal dagbehandling syner eit positivt avvik på 52 i mars og 236 etter tre månader. Årsaka til dette er høg aktivitet innanfor dialyse og krefthandsaming.

Heildøgn

I mars månad var det framleis høg aktivitet på medisinsk sengepost FSS, LSH og NSH. Færre nevrologiske pasientar enn planlagt gav eit samla negativt avvik i høve plan. Etter tre månader har klinikken samla hatt 93 fleire sjukehusopphald enn planlagt.

Poliklinikk

Med unntak av hudpoliklinikk var den polikliniske aktivitet om lag i tråd med plan i klinikken. Hudpoliklinikken har færre konsultasjonar enn planlagt.

ØKONOMI

Medisinsk klinikk	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	- 1 270	- 1 910	- 640	- 5 140	- 5 740	- 600
ISF egne pasientar	- 24 740	- 24 111	630	- 72 667	- 71 172	1 496
ISF H-resept	- 6 189	- 3 521	2 668	- 16 423	- 10 563	5 859
Gjestepasientinntekter	- 412	- 347	65	- 1 018	- 1 092	- 74
Polikliniske inntekter	- 3 348	- 2 286	1 062	- 9 467	- 6 701	2 766
Utskrivingsklare pasientar	- 256	- 53	204	- 328	- 158	170
Øyremerka tilskot "Raskare tilbake"						
Andre øyremerka tilskot	- 81	- 193	- 112	- 81	- 578	- 497
Andre driftsinntekter	- 3 477	- 2 954	523	- 10 198	- 9 030	1 168
Sum driftsinntekter	- 39 774	- 35 373	4 401	- 115 321	- 105 034	10 287
Kjøp av offentlege helsetenester	331	308	- 23	1 123	924	- 199
Kjøp av private helsetenester	48	6	- 43	57	17	- 40
Varekostnader	15 751	17 729	1 978	48 628	53 207	4 579
Innleige av personell	879	258	- 621	2 035	773	- 1 262
Løn til fast tilsette	36 323	36 112	- 211	110 930	108 750	- 2 181
Overtid og ekstrahjelp	3 234	2 738	- 496	9 246	8 305	- 941
Pensjon inkludert arbeidsgjeveravgift	6 557	6 557		19 671	19 671	
Offentlege tilskot og refusjonar - arbeidskraft	- 2 079	- 1 743	337	- 5 321	- 5 228	93
Anna løn	5 594	5 495	- 99	16 614	16 372	- 242
Andre driftskostnader	1 640	1 295	- 345	4 239	3 916	- 322
Sum driftskostnader	68 278	68 756	478	207 222	206 707	- 514
Finansinntekter						
Finanskostnader				6		- 6
Finansresultat				6		- 6
Ordinært resultat	28 504	33 382	4 878	91 906	101 674	9 767

Resultat

Mars månad syner eit samla mindreforbruk på 4,8 millionar kroner.


Rekneskapen syner eit mindreforbruk på medikament innanfor H-reseptområdet, samtidig som vi har vekst i inntekt på 5,8 millionar kroner for dette området etter tre månader. Dette må sjåast i samband med noko utfordring med periodisering, der 165 medikament er overført frå ramme til ISF-finansiering i 2018. Vi ventar ikkje same auken ut året.

Høgare poliklinisk inntekt er auke ved mikrobiologisk - og klinisk-kjemisk laboratoriet. Dette med bakgrunn i både auka satsar og auka aktivitet.

Personalkostnad syner samla eit meirforbruk på 1,0 millionar kroner denne månaden. Samla skal klinikken redusere sine personalkostnader med 28,6 millionar kroner (jf. budsjett 2018). Mange av tiltaka som er budsjetttert, vil først har verknad utover i året. Alle budsjetterte tiltak blir fortløpande følgt opp i klinikken.


PERSONELL

Medarbeidarar



I høve tidlegare månader er det ein reduksjon i både netto og brutto månadsverk, i tillegg til tal tilsette. Dette med bakgrunn i planlagde tiltak i 2018.


Sjukefråvær



Fråværet er 0,4 prosent poeng høgare i februar enn same månad året før.

KVALITET

Epikrise



Tal epikrisar handsama innan sju dagar er stabilt.


Korridorpasientar

Korridorpasientar	Denne periode			Til no i år		
	i år	i fjor	avvik	i år	i fjor	avvik
Barn sengepost Førde	0	0	0	0	0	0
Kreft sengepost	0	0	0	0	0	0
Medisinsk sengepost Førde	13	10	3	47	31	16
Medisinsk sengepost Lærdal	1	0	1	3	0	3
Medisinsk sengepost Nordfjord	0	0	0	0	4	-4
Nevro/revma/rehab Førde	0	0	0	0	0	0
Sum	14	10	4	50	35	15

Høg aktivitet på medisinsk sengepost førte til fleire korridorpasientar enn tidlegare.


VENTELISTE - FRISTBROT

Ventetid for ventande ved periodens slutt



Tal ventande er 129 færre enn på same tid i fjor. Samla ventetid for klinikken er på 42 dagar i mars, ein auke frå 39 i februar.

Ventetid for ventande der behandling er starta i perioden



Ventetida for ventande der behandling er starta i perioden, er redusert frå 54 dagar i februar til 52 dagar i mars.

Ventelister – langtidsventande

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1 - 10	229	13 %
11 - 30	563	32 %
31 - 90	883	50 %
91 - 180	97	5 %
181 - 365	8	0 %
365 +	1	0 %

Det er ni pasientar som har venta meir enn eit halvt år.

Ventelister – Fristbrot

Einingar med fristbrot	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Indremedisinsk avdeling	6	0 %
Lærings- og meistringssenter	0	0 %
Kreftavdeling	0	0 %
Avdeling for nevro/revma/rehab	0	0 %
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	1	1 %
Barneavdeling	0	0 %
Hudavdeling	1	1 %

Det er ein reduksjon i tal fristbrot i høve februar månad ved indremedisinsk avdeling.